

# Årsmelding for Nord- og Midthordland høgskulelag 2022

## Formål

Formålet til Nord- og Midthordland høgskulelag er å eige og drive Fana folkehøgskule.

## Styret for Nord- og Midthordland høgskulelag

Styret for Nord- og Midthordland høgskulelag bestod våren 2022 av Magne Djuvik (styreleiar), Lars Skeide (nestleiar), Paul Field (styremedlem), Marianne Blom (styremedlem) og Tore Haltli (rektor/styremedlem). Varamedlemmene var Birte Barane (1. vara), Olav Dale (2. vara) og Kari Helland Drange (3. vara).

Styret for Nord- og Midthordland høgskulelag bestod hausten 2022 av Magne Djuvik (styreleiar), Lars Skeide (nestleiar), Berit Skeie (styremedlem), Marianne Blom (styremedlem) og Tore Haltli (rektor/styremedlem). Varamedlemmene var Ola Dale (1. vara), Kari Drange (2. vara) Harald Molven (3. vara).

Styret har hatt 3 møter og eit fellesmøte med skulestyret i 2022. Dei viktigaste sakene som har blitt behandla er restaureringa av den freda hovudbygningen og finansieringa av denne restaureringa.

## Styret for Fana folkehøgskule

Fana folkehøgskule har etter folkehøgskulelova eit eige styre.

Styret for Fana folkehøgskule bestod våren 2022 av Magne Djuvik (styreleiar), Harald Molven (nestleiar), Lin Gloppen, Anne-Merete Mærli Hellebø (styremedlem), Ole Helland (personalrepresentant), Håvard Orskaug (elevrepresentant) og Tore Haltli (rektor). Varamedlemmene var Elisabet Dale (personalrepresentant), Stella Margrethe Sørensen (elevrepresentant), Eva Pfitzenmaier (1. vara) og Knut-Inge Johnsen (2. vara).

Styret for Fana folkehøgskule bestod hausten 2022 av Irene Kinunda Afriye (styreleiar), Lin Gloppen (nestleiar), André Hjellestad (styremedlem), Heidi Lie Andersen (styremedlem), Ole Helland

(personalrepresentant), Christina Sundlo (elevrepresentant) og Tore Haltli (rektor). Varamedlemmene var Mads Holberg (personalrepresentant), Louis Thommesen (elevrepresentant), Hans Petter Dahl-Hansen (1. vara) Georg Reidarsen (2. vara) og Eva Pfitzenmaier (3. vara).

Styret har hatt 6 møter i 2022. Dei viktigaste sakene som har blitt behandla er budsjett og rekneskap, tilsettingar og andre personalsaker, strategiarbeid og restaureringa av den freda hovudbygningen.

## Verksemd

Fana folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskule eigd av Nord- og Midthordland Høgskulelag. Nord- og Midthordland Høgskulelag (NMH) eig alle skulebygningane og «Gamlebygget» frå 1723, hovudbygningen på Store Milde Hovudgard. Skuletomta bygglast frå Bergen kommune. Skulen har ikkje-økonomisk føremål, og det utbetalast ikkje utkomme til eigarane.

Skulen drivast etter Lov om folkehøgskulen med føresegner, og tek i mot statstilskot etter rammer gitt av departement og storting. I tillegg betaler elevane for kost og losji, undervisningsmateriell, ekskursjonar og studieturar.

Skulen rapporterer om drifta til Departementet, og ein utarbeider årleg ein sjølvevalueringsrapport som vert sendt Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren.

Våren 2022 hadde hovudkurset 94 elevar på linjene: Teater og scenekunst, Biletkunst, Psykologi, Klassisk fotografi, Musikk, Spillutvikling og stipendiatplassar.

Hausten 2022 hadde hovudkurset 104 elevar, fordelt på linjene: Scenekunst, Biletkunst, Psykologi, Analog foto, Musikk, Spillutvikling, Tatovering og stipendiatplassar.

Det vart ikkje halde kortkurs i 2022.

Samla årselevtal for 2022 er 99 elevar.

I sommarsesongen var det drive utleigeverksemd av skulens lokalar.

## Arbeidsmiljø og likestilling

Arbeidsmiljøet på skulen er bra. Det har i rekneskapsåret ikkje vore unormalt høgt sjukefråvær, men noko høgare langtidsfråvær enn tidlegare år. Det har i rekneskapsåret ikkje skjedd skader eller ulukker.

Skulen har system for internkontroll som pålagt.

Fordelt på heile stillingar og delstillingar var det 9 kvinner og 9 menn tilsett i verksemda i 2022.

## Miljø

Skulen har rutinar for oppbevaring og handsaming av kjemikaliar. Skulen driv inga aktivitet som forureinar det ytre miljø.

Skulen har utarbeidd eit klimarekneskap for 2021.

## Økonomi og rekneskap

Tilskotsbrevet frå Departementet viste at skulen fekk godkjent 203,52 tilskotsselevar for 2022, noko som saman med husleige- og basistilskot gav eit samla statstilskot på kr 11 108 792.

Rekneskapen for 2022 blei oppgjord med eit overskot på kr 1 358 099.

Dette blir overført til eigenkapital.

Total eigenkapital per 31.12.22 er på kr 10 109 269.

Rekneskapen gjer etter styrets meining ein rettvisande oversikt over resultatet av verksemda og skulens økonomiske situasjon pr. 31.12.2022.

Eigarlaget Nord- og Midthordland høgskulelag har i 2022 motteke lagspengar på kr 10 000 frå sine 50 medlemmar.

## Om drifta frametter

I tillegg til statstilskotet, er skulens hovudinntekt elevbetaling for kost og opphald. Eit stabilt elevtal er dermed ei forutsetning for forsvarleg økonomisk drift. Elevtalet har dei siste åra hatt ei jamn auke.

Etter styret si meining er det grunnlag for å fortsette drifta av skulen.

Bergen, dato 9. mai 2023

Magne Djuvik (styreleiar)

Lars Skeide (nestleiar)

Berit Skeie (styremedlem)

Marianne Blom (styremedlem)

Tore Haltli (rektor)